



NORGES BONDELAG



Miljødirektoratet  
[post@miljodir.no](mailto:post@miljodir.no)

13.02.2018

## **Anmodning om ekstraordinære uttak av jerv, samt at avføringsprøver fra jerv som er samla inn blir analyserte for identifisering og klargjering av tal individ.**

Beitenæringa i Rogaland, Hordaland, Telemark og Agder var samla til møte i Røldal måndag 12. februar.

Møtet var samstemte om denne anmodningen:

**Vi ber om at jerv i beiteområda våre på Hardangervidda og i Setesdal Ryfylkeheiane blir prioritert svært høgt for ekstraordinære uttak av jerv våren 2018.**

Det har vore svært høge tap av sau og lam til jerv dei siste åra. Det er dokumentert jerv etter sporing, og det er gjort filmopptak av jerv. Det er i tillegg samla fleire avføringsprøver og ein antatt hårprøve siste året.

Næringa har også i år vore aktive i lisensjaktorganisering og det er fram tom 15 februar gjort målretta innsats i gjennomføring av førebyggjande skadefellingsforsøk med bruk av åter, både i Hordaland og Rogaland.

Regionen er beiteprioritert med svært stor beitebruk. Det er svært viktig at potensielle skadegjerarar blir tekne ut før beitesesongen startar at 1. juni 2018.

Vi har erfaring frå at jerv brukar svært store leveområde og kryssar dei regionale forvaltningsgrensene regelmessig i våre område. Vi ser det som svært viktig at ein lagar rammer for ekstraordinære uttak som dekkjer ein hensiktsmessig geografi tilpassa jerven sin områdebruk. Vi veit det er få dagar med gode tilhøve for uttak, og ber om at det blir gjennomført målretta aksjon med sporleiting etc. i heile området, uavhengig av forvaltningsgrenser.

**Vi ber om høgste prioritet på ekstraordinære uttak.**

**Vi ber også om at det blir utført analysar av innsamla avføringsprøver av jerv raskt, for å søkje å avklare minstetal jerv som har brukt i området siste året.**

For Beitenæringa

Finn Aasheim  
Bondelagets Agderkontor  
[finn.aasheim@bondelaget.no](mailto:finn.aasheim@bondelaget.no)

Kopi til:  
Rovviltnemdene i Region 1 og 2  
SNO's regionansvarlige i Sør og Vest  
Ordførere i Hjelmeland, Suldal, Vinje og Valle